

Til Radøy kommune

Hella, 29.08.19

Vedkommande badevika i Naustvågen på Hella Indre

Grunneigarane på Hella Indre, Grnr 33, saman med ein del andre intressentar på Hella har etablert Naustvågen Båtlag. Vi har etablert flytebrygger for fritidsbåtar, har laga kjøreveg ned til vika og parkeringsplass til medlemmane i båtlaget. I tillegg har vi lagt til rette ei lita badevik på utsida.

Men no har det vorte svært mange besøkjande på denne private badestranda på fine sommardagar. Oppimot 90 personar har det vorte tald. Dei fleste kjem i bilar.

Det er vel ikkje så rart når vi ser at denne private badevika blir «reklamert» for i lokalavisa i sommar ved at folk frå kommunen har vore og tatt vassprøvar. Desse er lagt ut på kommunens offentlege sider. Når dette så kjem i lokalavisa, ser i allfall vi det som reklame for denne staden. Naustvågen vert i Strilen presentert som «ny- under utprøving». Ingen av grunneigarane har vorte kontakta om dette. Dette stiller vi oss undrande til, særleg når ein veit at kommunen har si eiga badevik like ved; »Munkevika». Her vert det ikkje teke vassprøver og «reklamert» for.

Vi vil særleg peika på desse ulempene som dette fører til for oss:

1. Trafikktryggleiken. Det har vore stor trafikk til og frå, og dessverre brukar ein del trafikantar stor fart. Vegen er smal og bratt, og går tett innpå bustadhus der born er på ferie og leikar.
2. Avfall/Søppelproblem rundt vågen. Her er ikkje toalett og ikkje bosskonteinrar.
3. Parkeringsproblem. Den store pågangen av badegjestar fører til at det til tider ikkje er parkeringsplass til grunneigarane og medlemmane i båtlaget. Vi har lite lyst til å setja opp bom på denne vegstrekninga.

Sjølv sagt ynskjer vi at folk skal koma seg til sjøen og bada, men belastninga som den store pågangen av folk og bilar har vore, særleg no i sommar, synest vi no at vi må seia ifrå om. Det er klart at Radøy treng fleire gode badeplassar. Difor vil vi no oppfordra kommunen om å leggja betre til rette for bading i Munkevika. Dette er ei fin, brei og langgrunn strand. Denne badevika er det jo kommunen som eig.

Ein kan bruka den offentlege vegen til byggefeltet på Hella.

Her kan ein lett laga til for parkering, toalett og avfallhandtering. Denne vika kan kommunen «reklamera» for neste sommar.

Med vennleg helsing

Tore Morland

På vegne av Inn-Hella grunneigarlag